
Saksnr: 2021/18109-4
Saksbehandlar Jomar Ragnhildstveit
Dato: 18.08.2021

Til: Hovudutval for næring

Frå: Avdelingsdirektør Bård Sandal

Strategi for handtering av skrantesjuka (CWD) på Hardangervidda

Lagt ved er brev frå ordførarane rundt Hardangervidda, datert 10.06.2021, med kopi til Vestland fylkeskommune. I brevet ber ordførarane om eit møte med politisk leiing i Landbruks- og matdepartementet (LMD) og Klima- og miljødepartementet (KMD) før Regjeringa bestemmer endeleg strategi for handtering av skrantesjuka (CWD) på Hardangervidda.

I brevet viser ordførarane til vedlagt pressemelding frå Villreinnemnda og Villreinutvalet for Hardangervidda og stiller seg bak deira argument for at Regjeringa må følgje Miljødirektoratet si tilråding om strategi for bestandsreduksjon av villrein framfor Mattilsynet si tilråding. Miljødirektoratet ønskjer å oppretthalde ei villreinstamme med ein årleg kalvetilvekst på om lag 1.500 kalv, medan Mattilsynet ønskjer å redusere stamma til «genetisk levedyktig bestand» (stipulert til 500-1000 dyr) i løpet av 2-3 år. For ordførarane er det svært viktig at forvaltninga skjer på eit best mogleg kunnskapsgrunnlag, og at det skjer i samråd med lokale forvaltningsorgan. Møtet med departementa fann stad 15. juni.

Til orientering sendte Viken fylkeskommune 17. juni brev til LMD med tittelen «CWD på Hardangervidda - Valg av forvaltningsstrategier». Brevet er undertekna av fylkesråd for plan, klima og miljø, og sendt som kopi til Vestland fylkeskommune. I brevet er det vist til pressemeldinga nemnt over og brevet frå ordførarane rundt Hardangervidda. I brevet er det vist til at fylkeskommunane har det regionale forvaltningsansvaret for haustbart vilt (deriblant elg og hjort), og er tungt engasjert i regional plan for Hardangervidda. Som aktør i forvaltninga av viltressursar og leveområda til viltet, har Viken fylkeskommune valt å engasjere seg i spørsmål knytt til CWD. I brevet står det at Vestfold og Telemark, og Viken fylkeskommune vil støtte opp om budskapet som ordførarane rundt Hardangervidda har fremja for KMD og LMD.

Fylkeskommunen sitt forvaltningsansvar som viltorgan (jf. viltlova § 6) omfattar ikkje villrein.

Vedlegg

1 Kopi av brev frå ordførarane rundt Hardangervidda, vedlagt pressemelding